

ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Sakshandsamar
Marte Nygård Varpe

Vår dato
27.05.2025

Dykkar dato

Dykkar ref.

Høyringsvar - Forslag til forskrift om tilskudd til lavterskel aktivisering og arbeidsrettede aktiviteter i regi av frivillige organisasjoner

Vi viser til høyringsnotat av 4. mars 2025 om forslag til ny *forskrift om tilskudd til lavterskel aktivisering og arbeidsrettede aktiviteter i regi av frivillige organisasjoner*. Det går fram at forskrifta vil erstatte regelverket for *tilskudd til aktivisering og arbeidstrening av personer med liten eller ingen tilknytning til arbeidsmarkedet i regi av frivillige organisasjoner*.

Vi har innspel til forslaget § 5.2 om rapporteringsplikt. Av forslaget går det fram at for tilskotsbeløp over 200 000 kroner skal prosjektrekneskapen være revidert av ekstern statsautorisert- eller registrert revisor.

Lotteri- og stiftelsestilsynet foreslår at terskelen for når det krevjast revisjon av statsautorisert revisor aukast til tilskotsbeløp over 500 000 kroner.

Nærare grunngjeving for forslaget følger nedanfor.

Rettleiar om forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar

Kultur- og likestillingsdepartementet sin rettleiar [Forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar](#) er revidert og har frå 1. april 2025 vore tilgjengeleg på tilskudd.no. Lotteri- og stiftelsestilsynet har bidratt i arbeidet.

Rettleiaren er eit verktøy for statlege tilskotsforvaltarar (departement og underliggende verksemder) og vidarefordelarar av statlege tilskot. Rettleiaren kan vere til hjelp når forvaltarar skal utarbeide eller revidere tilskotsordningar, slik som i dette tilfellet. Forvaltarar bør då vurdere om eksisterande ordningar kan forenklast eller om omgrep kan harmoniserast, i tråd med rettleiaren.

Revisjon kostar pengar og tar tid for organisasjonane. Det bør derfor vurderast nøye om det er nødvendig med revisjon av statsautorisert revisor, eller om det er nok med vald revisor eller andre kontrolltiltak. Vi vil allereie innleiingsvis gjere merksam på at det ved [ny revisorlov 1. januar 2021 berre er éin kategori av godkjente revisorar](#). Registrerte revisorar vart då lova tredde i kraft, statsautoriserte revisorarar. Teksten i § 5.2 tredje ledd bør endrast i tråd med dette.

For mindre tilskotsbeløp vil det ikkje vere kostnadseffektivt å stille same krav som for større tilskotsbeløp. For **tilskotsbeløp under 500 000 kroner** bør ein forvaltar normalt ikkje krevje at ein statsautorisert revisor stadfestar rekneskapen.

Dersom forvaltaren likevel vel å krevje revisjon for tilskotsbeløp under 500 000 kroner, bør grunngivinga vere ei konkret risiko- og vesentlegvurdering. I desse tilfella anbefaler vi at forvaltarar heller stiller krav om at rekneskapen skal reviderast av ein vald revisor. Å nytte vald revisor er mindre byrdefullt for organisasjonane. I tillegg er det både førebyggjande og avdekkande, og dermed vil det fungere som eit kontrolltiltak i tilskotsordninga.

Vi vil for ordens skuld gjere merksam på at krav om eigen revidert prosjektrekneskap opplevast som ei meirbelastning for organisasjonane. Det er eit mål at søkarar og mottakarar berre skal måtte levere informasjon til forvaltninga éin gong. Dette føreset at forvaltarar både deler og gjenbruker informasjon. Revisjon av ein prosjektrekneskap vil ikkje kunne gjenbrukast i andre tilskotsordningar. I mange høve vil forvaltaren sitt kontrollbehov kunne dekkast ved at bruken av prosjektmidlane blir synleggjort i årsrekneskapen.

Utlysing av tilskotsordninga

Det skal vere lett å vere og drive frivillig. Vi vil derfor avslutningsvis sterkt tilrå at tilskotsordninga blir utlyst på tilskudd.no (slik den blir i dag) og ikkje berre på nav.no slik det framgår av utkastet til forskrifta § 4. Ei samla oversikt over tilskotsordningane vil spare søkarane for tida det tar å sjekke ulike nettstader og informasjon hos ulike forvaltarar. Vidare vil det sikre at organisasjonane lettare finn dei aktuelle tilskotsordningane.

Utover det ovannemnde har ikkje Lotteri- og stiftelsestilsynet kommentarar til forskrifta.

Med helsing

Marte Nygård Varpe
rådgiver jurist

Marianne Skjeldestad Hove
avdelingsdirektør for frivillighetsstøtte

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur